

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	23.09.04	123/04	KOM

Saksansvarleg Magne Kongsvik	Arkiv: K1-232 Objekt:	Arkivsaknr 2004001169
--	--	---------------------------------

SKATTEOPPKREVERFUNKSJONEN - UTTALE TIL UTGREIING.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

I Norge er det fellesinnkrevjing av inntektsskatt, formueskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle kreditorane. Desse skattekreditorane er staten, fylkeskommunen, kommunane og folketrygda. Fellesinnkrevjinga blir utført av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som også fører skatterekneskap og utøver arbeidsgjevarkontroll på fellesinnkrevjinga sitt område. I 2004 omfattar fellesinnkrevjinga snaut 400 milliardar kroner, kor ca. ein fjerdedel går til kommunane og fylkeskommunane, og ca. tre fjerdedelen til staten og folketrygda.

Dei øvrige statsskattar og avgifter for 2004 utgjer om lag 300 milliardar kroner, og blir innkrevd av statlege innkrevjingsmyndigheter (skattefogd, tollkasserar, og Statens Innkrevjingsentral m.v.). Dette omfattar petroleumsskattar, merverdiavgift, arveavgift, toll og særavgifter, skatt utlikna ved Sentralskattekontoret for utlandssaker m.v. Utenom fellesinnkrevjinga har dei kommunale skatteoppkrevjarane normalt også ansvar for innkrevjinga av reint kommunale skattar – deriblandt eigedomsskatten i dei kommunar som har det.

Skattebetalingslova frå 1957 dannar grunnlaget for den skattebetalingsordninga vi har i dag, der skatteoppkrevjarkontora er kommunale og likningskontora er statlege.

På 1990-talet har Stortinget to gonger avfeid forslag om heil eller delvis statleggjing av skatteinnkrevjinga i Norge. Første gong var i 1993-94 då ein foreslo å etablera eit kjempestort, kombinert fastsetjings- og innkrevjingsdirektorat, og neste gong var i 1996 då ein foreslo å etablera eit eige tvangsinnkrevjingsdirektorat.

Skattebetalingsordningen kan kort beskrivast slik:

1. Skattekort blir utskrevne til skatteytar (blir gjort av Skattedirektoratet, men kan endrast av likningskontoret).
2. Løpande forskotsbetaling av skatt i takt med innteninga (betalinga skjer til skatteoppkrevjarkontoret enter via arbeidsgjevar eller direkte frå skatteytar).
3. Gjennomføring av likning (blir utført av likningskontoret basert på sjølvmelding frå skatteytar).
4. Skatteoppgjær (blir gjort av skatteoppkrevjarkontora med sentral skatteberekning i Skattedirektoratet).
5. Tilbakebetaling av til gode skatt/utsending av krav på restskatt (blir gjort av skatteoppkrevjarkontora).
6. Innfordring av restskatt som ikkje blir rett-tideg betalt (blir gjort av skatteoppkrevjarkontora).

Skatteoppkrevjarutvalet blei oppnevnd den 26. mai 2003, og leverte si innstilling til Finansdepartementet den 12. mai d.å. Utvalet sitt mandat var i korte trekk å føreslå tiltak som kan gje resultatforbetringar av skatteoppkrevjarfunksjonen, både innanfor ei fortsett kommunal organisering av funksjonen og alternativt innanfor ei statleg organisering.

Utvalet er gjennomgåande samstemte når det gjeld vurderingar og forslag til funksjonelle forbetringstiltak, og om desse kan bli gjennomført uavhengig av organisatorisk løysing. Tiltaka dreier seg til døme om hyppigare rapportering og betaling av forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift, innføring av gebyr ved betalingsmisleghald og ved utleggstrekk, meir effektive sanksjonar og auka elektronisk tilgong til ulike registre. Forslaga til utvalet er ikkje ferdig utreda, men vidare utredning blir anbefalt på fleire områder.

Utvalet har vurdert tre alternative modellar for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen, og har delt seg i eit fleirtal på fem medlemmer og eit mindretal på to når det gjeld forslag til strukturelle forbetringstiltak. Fleirtalet, bestående av alle ikkje-kommunale medlemmer, anser ei statleg organisering av skatteoppkrevjinga som mest naturleg ut frå oppgåva sitt innhald og karakter. Mindretalet, bestående av dei kommunale medlemmene, meiner dei fleste argument talar for ei fortsett kommunal organisering av funksjonen. Fleirtalet og mindretalet har og ulike oppfatningar av kostnader og eventuelle provenyendringar ved ei endra organisering.

Utvalet har ikkje tatt endeleg stilling til eller utreda dei organisatoriske løysningane ved ei eventuell statleg overtaking, men dei har tatt utgangspunkt i ein mulig modell der det blir etablert eigne regionskontor for tvangsinnfordring samtidig som frivillig betaling, skatterekneskap og arb.gjevarkontrollen blir håndtert av likningskontora. Fleirtalet i skatteoppkrevjarutvalet ynskjer å overføre 60-70% av dei nåværande oppgåver over til likningskontora. Resten – tvangsinnkrevjinga – skal etter planen utførast av statlege tvangsinnkrevjingskontor ("fæl sak"). Antal slike kontor vil trolek være ein stad mellom 6 og 100. Dette kan sjølvstakt få store konsekvensar for dei tilsette, då det ikkje ligg i korta at alle tilsette blir overtatt av staten.

ARGUMENT FOR FORTSETT KOMMUNALT ANSVAR FOR SKATTEINNKREVJINGA

Kommunal skatteinnkrevjing er av vesentleg betydning for å bevare kommunaløkonomisk sjølvråderett og bevare kommunen sin sentrale rolle i lokalsamfunnet. Delvis tilbakeføring av selskapsskatten til kommunane vil være eit forsterkande motiv for kommunen å satse på innfordring av skatt – forslaget om å statleggjere skatteinnkrevjinga bryt med dette.

Fortsett kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga er i tillegg til kommunaløkonomisk sjølvråderett nødvendig – for dette sikrer:

1. **Høg løysingsgrad/gode resultat**. Norsk skatteinnkrevjing er i verdstoppen. Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å krevje inn mellom 99 og 100% av all utlikna skatt. Små kommunar har like gode innkrevjingsresultat som store kommunar. Dette kjem av at skatteinnkrevjing grunnleggjande handlar om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skatteytar. Effekten av ei statleggjering er ikkje utreda, og det er vanskeleg å kunne argumentera for at det er noko å tena på ei statleggjering av skatteinnkrevjinga.

2. **God tryggleik.** Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga medfører god tryggleik for skatteytarane, blant anna ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom på den eine sida fastsetjinga av skatten (likninga) og på den andre sida innkrevjinga av skatten. Avstand mellom fastsetjing og innkrevjing av skatt er eit grunnleggjande prinsipp i tidlegare utredningar og Stortingsbehandingar av skatteinnkrevjing. Statlege likningskontor og kommunale skatteoppkrevjarkontor, slik det er i dag, gjer den beste tryggleiksgaranti.
3. **God brukarservice.** Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora gjer ein god brukarservice. Ei landsomfattande undersøkjing gjennomført av Norsk Gallup i 2002 dokumenterer at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora scorer vesentleg betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld tilgjengeleghet, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutsigbarhet i saksbehandlinga. Eventuell statleggjing og sentralisering av skatteinnkrevjinga vil derfor føre til dårlegare tilgong til offentlege tenester i lokalmiljøa.
4. **Kommunalt økonomisk sjølvstyre.** Fortsett kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga bidreg til å oppretthalda det kommunale økonomiske sjølvstyret. Det er avgjerande for eit levedyktig, lokalt demokrati å kunne påvirke eige inntektsgrunnlag, og det skal være ein positiv samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv og nivået på lokale, offentlege budsjett. Forslaget om å gjeninnføre bedriftsskatt som kommunal inntektskilde er eit døme på tiltak som er meint å etablere ein slik positiv økonomisk samanheng mellom lokalt næringsliv og kommunane. Dersom ansvaret for innkrevjinga blir overført til staten og innkrevjingskompetansen i kommunane dermed fell bort, blir kommunane sine sjangser for å kunne påvirke sitt inntektsfundament, og framtidige inntektsreformer vanskeleggjera.
5. **Folkevalgt kontroll og innsyn.** Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga gjer grunnlag for folkevalgt innsyn og kontroll – blant anna gjennom dei etablerte skatteutvalga. Eventuell statleggjing og sentralisering vil medføre eit ”ugjennomsiktig” system med store, statlege sektorkontor – og dermed reduserte sjangser for folkeleg innsyn. Legitimiteten forsvinn.
6. **Effektiv drift og ressursbruk pga. synergieffektar.** Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga fører med seg ei effektiv drift og ressursbruk ved at skatteinnkrevjing blir gjennomført i det same miljø som ivaretek kommunen sin innkrevjing av kommunale avgifter og kommunal fakturering. Dermed blir det også muleg å behalde levedyktige innkrevjingsmiljø i dei små kommunane.
7. **Distriktpolitiske hensyn blir ivaretatt.** Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga har positive distriktpolitiske konsekvenser. Den desentraliserte lokaliseringa av i dag innebærer at det fortsett blir oppretthalddt innkrevjingsmiljøer og arbeidsplassar i utkantsstrøk, og det betyr og at lokalt næringsliv har kort veg til ein av sine viktigaste, offentlege samarbeidspartnarar. Ei eventuell statleggjing vil bety sentralisering og ein reduksjon av antal kontor ned til ¼ av i dag. Dette har sjølvsagt store negative distriktpolitiske konsekvenser.
8. **Skattebetalingsordninga av i dag fungerer godt.** Den foreståtte statlege organisasjonsmodellen innebærer at den velfungerande skattebetalingsordninga av i dag blir erstatta av statleg tvangsinnfordring. Ein legg opp til ein eigen tvangsinnfordringsinstans. Skatteytarane vil oppleve stigmatisering, ved at frivillig betaling og tvangsinnkrevjing blir skilt frå kvarandre og blir plassert i forskjellige organisasjonar.
9. **Eventuell statleggjing vil medføre betydelege overgangskostnader.** Ei statleggjing av skatteinnkrevjinga vil medføre betydelege overgangskostnader. Det skal etablerast nye kontor med dei etablerings-, drifts- og planleggjingskostnader det fører med seg. Beparelsane på kommunal side ved å fjerne nokre få ansette i kvar kommune, som normalt har kontorfellesskap med den øvrige kommunale

administrasjon, blir minimale. Ansetjing, opplæring og kompetanseoppbygging for nye skatteoppkrevjarar vil medføre ei stor utfordring. Statleggjing av skatteinnkrevjinga vil medføre proveny tap i ein periode som vil strekkje seg over fleire år. Eit forsiktig anslag tilseier eit proveny tap på 5 milliardar kroner (Kr. 5.000.000.000) over ein 3-års periode dersom skatteinnkrevjinga blir statleggjort.

10. **Konsekvensane er ikkje utreda.** Konsekvensene av ei eventuell statleggjing er mangelfullt utreda. Spørsmål som om korleis ei eventuell statleggjing skal skje – bla. om dette vil kunne bli gjennomført som ein virksomhetsoverdragelse – er i det heile ikkje berørt i utredninga. Mangelen på analysar og konsekvensvurderingar av ei eventuell statleggjing av skatteinnkrevjinga er svært mangelfull i utredninga.

Vurdering:

Finnøy kommune meiner det er viktig for kommune-Noreg å behalda skatteinnkrevjinga kommunal, men er sjølvstøtt opne for andre kommunale løysingar.

Den kommunale skatteinnkrevjinga av i dag fungerer svært bra – resultatane er gode. Ei rekkje funksjonelle forbetringstiltak er likevel foreslått, desse vil vi sjølvstøtt jobbe vidare med !

Det er sjølvstøtt viktig heile tida å forbetre og eventuelt omorganisere funksjonar som ikkje fungerer godt – **MEN LIKE VIKTIG Å VÆRE KRITISK TIL FORSLAG OM Å OMORGANISERE DET SOM FUNGERER GODT !!**

Ein viser elles til Politisk Info nr. 8/04 frå KS, og vår innstilling samsvarer godt med synspunkta frå KS.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Finnøy kommune går i mot skatteoppkrevjarutvalet sitt forslag om å statleggjere skatteoppkrevjarkontora. Skatteoppkrevjarkontora må fortsett vere kommunale.

FSK-123/04 VEDTAK 23.09.04:

Samrøystes som innstillinga.